

REGJERINGSADVOKATEN

15 JUL 2011

Justis- og politidepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref
201104746-/JRS

Vår ref
2011-0448 GOH/THS

Dato
14.07.2011

HØYRING – UTLENDINGSSTYRESMAKTENE SITT HØVE TIL Å INNHENTA OPPLYSNINGAR FRÅ ANDRE OFFENTLEGE ORGAN


Eg viser til brev 17.06.2011, der nemnde framlegg er sendt ut på høyring med frist 02.09.2011.

Regjeringsadvokaten har ikkje i seg sjølv merknader til framlegget til endringar i lov og forskrifter. Regjeringsadvokaten vil likevel ta opp ei problemstilling som ikkje er nemnt i lova eller forskriftene:

Lovutkastet § 84 heimlar at utlendingsforvaltninga kan "innhente og behandle" opplysningar frå andre styresmakter. Dette vil dekkja dei behova utlendingsforvaltninga har for å nytta opplysningane i sakshandsaming. Men bruk av opplysningane i rettssaker, til dømes der eit vedtak er påstått ugyldig, er ikkje nemnt. I sivil sak gjeld det etter tvistelova § 22-3 jf. avgjerdene frå Høgsterett i Rt-2010-1404 og HR-2011-1169-U, eit generelt forbod mot å leggja fram for retten opplysningar underlagde teieplikt. Rett nok blir eit søksmål mot eit forvaltningsvedtak som hovudregel tolka som eit samtykke til at forvaltninga kan leggja fram for retten alle opplysningar i forvaltningssaka. Men det er ikkje opplagt at dette også gjeld opplysningar underlagde teieplikt som er innhenta frå andre offentlege organ. Departementet bør difor vurdere å klargjera om meininga er at opplysningar utlendingsforvaltninga innhentar frå andre offentlege organ, også skal kunna leggjast fram i rettssak som har utspring i avgjerder frå utlendingsforvaltninga.

Dette brevet er også sendt på e-post til anders.eldor.boyen@jd.dep.no

Med helsing
REGJERINGSADVOKATEN


Gunnar O. Hæreid
advokat